

nr. 2 - 2012


PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



SPRÅKUTVIKLING GJENNOM FAGBØKER: Fagbøker i barnehagen kan vere med på å gjere barna klare for den faglege verda og gjere overgangen til skulen lettare. Illuasjonsbilete: Elin Moen Karlsen

FAGBØKER MED VAKSENSPRÅK TIL BARN




Det er mange fagbøker for barn på marknaden, men mange av dei har tekstar som er fulle av abstrakte ord og uttrykk, noko som gjer det vanskeleg for små barn å henge med. Det har tekstforskarane Norunn Askeland og Eva Maagerø funne ut gjennom eit studium av slike bøker.

TEKST OG FOTO: ELIN MOEN KARLSEN

FAGBØKER MED VAKSENSPRÅK TIL BARN

Askeland og Maagerø har plukka ut rundt 25 fagbøker for barn mellom tre og fem år, som dei har gått djupare inn i.



— Vi ønskte å få vite meir om fagbøker for små barn og kva tekstar barn møter i slike bøker, fortel Eva Maagerø, som er dosent ved Høgskolen i Vestfold, der ho og professor Norunn Askeland mellom anna underviser i faglitterær skriving.

Ho peikar på at det finst mange fagbøker for barn på marknaden.

— Det er mange gode bøker på marknaden, med spennande bilete og godt språk, men det er også bøker som ber preg av å ha blitt laga litt raskt. Dette gjeld spesielt bøker som er omsette til norsk frå eit anna språk, seier Maagerø.

— Dei bruker det same biletmaterialet som boka har på originalspråket, og for at det skal stemme grafisk, må den norske teksten stå på same side og ta omtrent like mykje plass. Då er det ikkje alltid språket blir så bra, held ho fram.

Ho fortel om eit døme med ei tredimensjonal bok med sprett-opp-illustrasjonar, som er del av ein fagbokserie frå Storbritannia.

— Vi observerte ein førskulelærer lese frå denne boka for to barn i førskulealder og filma det. Barna var veldig interesserte og engasjerte i dei spennande illustrasjonane, men når førskulelæraren skulle lese for dei, mista dei raskt interessa og ville bli vidare. Fagspråket som blei brukt, var for vaksne, og dermed blei det ikkje ei fagbok som eigna seg godt for barn, slår tekstforskar Maagerø fast.

Viktig med fagterminologi

Ho understrekar at det godt kan vere faguttrykk med i fagbøker for barn.

— Det er viktig at barn møter faguttrykk og faglege omgrep. Det er ofte vaksne som er redde for fagterminologi, ikkje barn. Små barn synest det er morosamt å møte nye

ord som dei ikkje har høyrte før, men språket kan ikkje vere komplekst på alle måtar, og faguttrykka må forklarast gjennom tekst eller illustrasjonar, seier Maagerø.

Det at barn i førskulealder ikkje les sjølve, men blir lesne for, er avgjerande for kva dei får med seg av tekst.

— Munnleg språk er flyktig, situasjonen er intens, og då kan ikkje språket vere fullt av abstrakte ord og kompleks grammatikk, meiner tekstforskar.

Askeland og Maagerø er ikkje i tvil om at det er viktig

gjere førstehands erfaring. Då kan ein utvide erfaringa si gjennom bøker. Slike bøker er også viktige for språkutviklinga. Skal barnet møte den faglege verda, bli interessert i det som skjer, og utvikle eit språk som tek barnet inn i skulen på ein god måte, så er fagbøker viktige, slår Maagerø fast.



med fagbøker for barn.

— Ein kan ikkje sjølv kome i kontakt med alle ting og

Askeland og Maagerø opplevde gjennom studiet sitt, «Fagspråk i barnehagen. Fra riddere til grave-maskiner», at det er ei høg grad av sjangerblanding i fagbøker for barn.

— I fagbøker for større barn og vaksne er tekstane sakprosatetekstar, medan det i fagbøker for barn er eit større spekter av sjangrar. Det kan i tillegg til fagprosatetekstar vere eit vers, eit rim eller ei forteljing. Denne sjangerblandinga skapar variasjon og kan vere med på å gi barna ein pause eller gjere teksten morosam, seier Maagerø.

Sjølv om det er mange fagbøker på marknaden, meiner dei to tekstforskarene at det er plass til fleire.

— Det vil alltid vere behov for nye, gode, oppdaterte fagbøker for små barn. Det er også behov for å marknadsføre dei betre; at barnehagen veit om dei, og at foreldra ser dei, konstaterer Maagerø.

Må synleggjerast

— Fagbøker for barn må dessutan bli melde. Det er det for lite av i dag. Media må vere med og synleggjere dei i det offentlege litterære rommet. Små barn er viktige, men får ikkje så stor plass som vaksne. Eg ønskjer også ein debatt om kva som er gode fagbøker for barn, held ho fram.

Eva Maagerø og høgskulekollega Norunn Askeland såg på to område i studiet sitt. I tillegg til å studere tekst i fagbøker såg dei på fagspråket i barnehagen.

— Vi var i ein barnehage og observerte mellom anna ein assistent som var veldig språkmedviten. Han nytta heilt daglegdagse situasjonar der han var saman med barna, til å undre seg over ord saman med dei. Anten dei var ute i skogen eller inne og laga eit univers av planetar, så kunne han nytte situasjonen til å undre seg over ord og uttrykk. Det var ikkje alltid nøye gjennomtenkte pedagogiske opplegg for språkstimulering, men han nytta

seg av situasjonen dei var i, fortel Maagerø.

Ho peikar på at det er viktig å vere medviten om språket i barnehagen.

— Barnehagen er vesentleg for å byrje ei god språkleg utvikling. Dei fleste barn går i barnehage, og dette er dermed ein god arena å starte arbeidet med språket på, seier ho.

Tradisjonelle tema i fagbøker for barn har vore dyr og teknikk, medan det dei siste åra har kome fleire bøker om til dømes korleis barn blir til, sjukdom, venskap og død. Maagerø meiner at mange barnehagar er flink til å finne gode fagbøker.

— Mange er flinke til å velje ut bøker som er gode både visuelt sett og verbalspråkleg sett, seier tekstforskaren til slutt.

”Det at barn i førskulealder ikkje les sjølve, men blir lesne for, er avgjerande for kva dei får med seg av tekst.”

Illustrasjonsbilete

Bokmeldingar

HUN & HAN

Hun & han er ei bok heilt utan tekst, men med bilete som kan setjast saman, slik at vi kan leike med roller og kjende bilete av ho og han, kvinne og mann.

Boksidene er delte i to, overdelen av ein kropp og underdelen av ein kropp. Dermed kan det bli mamma, pappa, bestefar eller kanskje tante som står på rullebrett, alt etter som du blar fram og tilbake. Kan bestemor surfe? Kan pappa strikke? Kan kven som helst spele elgitar eller køyre traktor?

Hun & han kan kanskje kome til å glede gamle feministar og irritere dei som



• *Hun & han*
• Madalena Matoso
• (illustrasjon)
• Magikon forlag 2011

meiner likestillinga er komen meir enn langt nok. Forhåpentleg vil ho vere ein god katalysator for barn og vaksne som vil leike med sine egne førestillingar og bilete av korleis verda er og kan vere.

Toyni Tobekk

VIVALDI

Denne boka handlar ikkje om komponisten Vivaldi, om du skulle tru det, men derimot om jentungen Tyra, som er så blyg at ho aldri snakkar på skulen. Ho veit ikkje kva ho skal seie til dei andre, og når ho endeleg kjem på noko, har dei andre mista tålmodet og gått sin veg. Til slutt byrjar dei å vende ryggen til ho. Tyra forstår ikkje kva som er i vegen med ho. Luktar ho annleis, eller kva er det?

Livet Tyra lever utanfor skulen, er betre. Der er mor og far og bestemor, som høyrer på Vivaldi. Dessutan kattungene til Tyra, som også får namnet Vivaldi.

Mobbing og utestenging er vondt å forstå. Det er vondt å setje seg inn i korleis det eigentleg kjennest for den som har skoen på, og det er vanskeleg å finne rasjonelle svar på korfor somme kan vere så fæle mot andre. Forfatter Helge Torvund er i tillegg



• *Vivaldi*
• Helge Torvund (tekst),
• Maria Kanstad Johnsen
• (illustrasjon)
• Magikon forlag 2011

psykolog, og i slutten av boka skal Tyra få lov å gå til psykolog. Men den som håper å finne konkrete svar på konkrete problemstillingar, vil nok ikkje finne dei i denne barneboka. I staden er ho ein glimrande formidlar av stemningar, humor og kjensler. Ein kan så godt kjenne på korleis Tyra har det, heile vegen. Kanstad Johnsens teikningar og fargebruk er på alle måtar med på å understreke toneleiet til Torvund. *Vivaldi* er ei god bok som er nøydd til å munne ut i gode samtalar.

Toyni Tobekk



PIT PARION

Er barnelitteratur litteratur?

Dette tilsynelatande sjølvmotseiande spørsmålet er gjerne legitimt likevel, når ein ser på den (manglande) omtalen barnelitteraturen får både i media og i andre krinsar der litteratur blir omtala.

Då forfattar Aina Basso gav ut romanen *Fange 59. Taterpige* i 2010, vart ho presentert som debutant av avisene. Det vart ho, trass i at ho debuterte to år tidlegare, med boka *Ingen må vite*. Men det var jo ei ungdomsbok, må vita, og ungdomsbøker er liksom ikkje heilt skikkelege bøker. Barnebøker er endå mindre skikkelege, du kan gjerne skriva ein stabel av dei og likevel «debutera» om du ein gong skriv ei bok for vaksne.

Kva seier det om synet på barn og unge? Er ikkje dei ei lesargruppe som fortener kvalitet? Er det ikkje minst like viktig kva bøker dei unge les, som kva dei vaksne skal fortæra?

Det er heilt vanleg at barnelitteraturen liksom ikkje vert rekna med når det er tale om litteratur. Det viser seg i dei store litteraturprisane òg. Nordisk Råds litteraturpris er den mest prestisjetunge litteraturprisen i Norden, men prisen har aldri gått til ein barnebokforfattar på alle dei femti åra prisen har eksistert. Anniken Huitfeldt ønskjer ein eigen pris for barnebokforfattarar (Dagbladet 14.09.11) – men er det løysinga? Ragnfrid Trohaug og Nina Méd tok opp spørsmålet i ein kronikk i Dagbladet 24. august 2011. Der skriv dei: «**Vårt ønske** er verken flere eller færre litterære priser. Det vi etterlyser er at de barne- og ungdomslitte-

rære forfatterne blir naturlig inkludert i det litterære fellesskap, og dermed seriøst vurderes av juryene til de store forlagsprisene. Det er på tide.»

At forfattarar av barnelitteratur ikkje blir nominerte til dei store prisane, er symptomatisk. Me merkar det på kroppen også i Falturiltu – verdas einaste nynorske barnebokfestival. År etter år greier me å samla eit topplag av norske forfattarar som gjev ut barnelitteratur på nynorsk. Festivalen er skipa nettopp med det målet for auka å løfta fram og gjera synleg den nynorske barnelitteraturen, men det er svært vanskeleg å nå gjennom i det offentlege rommet.

Lokalt haustar festivalen stor merksemd, men regionalt og nasjonalt er det bortimot uråd å oppnå omtale av dei mange og varierte programpostane på festivalen. Då Erna Osland var festivalforfattar under Falturiltu i 2010, var det eit stort intervju med henne i Bergens Tidende, over to heile sider. Oppdraget som festivaldiktar var ikkje nemnt med eitt ord, trass i at ho meinte ho hadde prata mykje om det.

Det var difor stor jubel under Falturiltu 2011, då VG same veka trykte ein glitrande omtale av, og trilla terningkast 6 for, den flotte barneboka Trøysteboka frå Skald forlag.

Dessverre trur eg at det var eit enkelttilfelle, og at barnebokforfattarar må halda fram med å stå i skuggen av dei «vaksne» forfatterane endå ei stund. Men det er barnebokforfatterane som skal gje ungane våre leseglede og leselyst, som skal prega unge sinn med leseopplevingar som kanskje formar dei for livet. Så eg løftar mitt virtuelle glas og gjev kudos, som det heiter no, til alle dei dyktige barnebokforfatterane som fyller den viktige rolla trass i at dei sjeldan får den merksemda dei fortener.



Hege Myklebust er prosjektleder for den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG TWITTER

Bli tingar og få Pirion i posten 8 gonger i året for kr 235,-

Pirion-kurs

Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no